

På skolen

Elev B

Les gjennom heile instruksjonen før du begynner. Ta fram eit ark.

Teikn eit klasserom. Teikn ein pult. Til høgre for pulten står det ein sekk. Frå sekken stikk det opp ein linjal. På pulten ligg to ark. Eitt ark er stort, og eitt ark er lite. Til høgre for arka ligg ein blyantspissar. Franfor arka ligg ein penn. Til venstre for arka ligg eit viskelêr. På golvet til venstre for pulten ligg ei bok. På veggen framfor pulten er det ei stor tavle. På tavla står det Musikk! Til høgre for tavla står ein lærar. Til høgre for læraren er det eit vindauge. På den andre veggen er det ei dør.

Teikn teikninga. Les så opp beskrivinga for ein klassekamerat som skal prøve å teikne ei liknande teikning. Les to gonger. Først lytttar kameraten, så teiknar han.

Samanlikn teikningane. Kva er likt? Kva er ulikt?